

Referat frå årsmøte 2019 i Holmavika Hamnelag SA

Fredag 15. februar 2019 klokka 18:00 – 20:00 i Klubbhuset

Det møtte 21 røysteføre medlemmer.

Leiar Ole Bosnes ønskte velkommen til det første årsmøtet i eige lokale.

DAGSORDEN

1. Godkjenning av innkallinga og sakslista

Innkalling og sakliste vart godkjend. Samrøystes.

2. Val av ordstyrar, møtesekretær og to til å underskrive møteprotokollen

Leiar Ole Bosnes vart vald til ordstyrar.

Styremedlem Inge Bakke vart vald til møtesekretær.

Viktor Kjøde og Gunnar Silden vart vald til å underskrive møteprotokollen.

3. Årsmelding for 2018

Årsmeldinga vart lest opp og samrøystes godkjend.

4. Rekneskapen for 2018

Resultatrekneskap

Rekneskapen viser eit driftsresultat på 71 909,66 kr av ein driftskostnad på 329.550,34 kr.

Rentekostnad til banklån (30.846,00 kr) og kassakreditt (4.184,00 kr) ga et årsresultat på 36.906,66 kr.

Balanserekneskap

Rekneskapen viser at laget har eigendeler på 3.601.707,39 kroner, total egenkapital 2.809.127,59 kr og total gjeld på 832.579,80 kr.

Revisjon

På grunn av sein ferdigstilling frå rekneskapsbyrået har ikkje rekneskapen blitt revidert innan årsmøtet. Revisorane, Bjørn Sigurd Berge og Ove Hoddevik, må difor revidere rekneskapen i etterkant av møtet.

Straum

Kostnadene til straum (42.960,19 kr) vart drøfta i møtet. Veit styret kvar dei store straumforbrukarane er? Båtar som bruker straum i løpet av vinteren (gjev ein inntekt på 4.050,00 kr), slippen, utandørs belysning, klubbhuset? Leiaren måtte vedgå at dette har vi ikkje oversikt over. Årsmøtet bad styret om å sørge for straummålarar på ulike deler av anlegget slik at vi i framtida kan finne fram til kvar vi kan gjere tiltak for å få ned forbruket.

Godkjenning av rekneskapen

Årsmøtet vedtok å godkjenne rekneskapen under føresetnad av at han vert godkjend av revisorane og at rekneskapstal i årsmeldinga vert revidert ved eventuelle avvik. Resultatet av revisoranes kommentar til rekneskapen skal bli kunngjort for medlemmane i e-post eller per brev.

Samrøystes.

5. Fastsetjing av

a. Medlemskontingent

Noverande kontingent: 2.000 kr. Framlegg: Uendra. Samrøystes vedteke.

b. Storleik på andelar

I samsvar med paragraf 3 i [vedtektene](#), Andelsinnskot. Framlegg: Uendra. Samrøystes vedteke.

c. Frikjøp dugnad

Noverande pris: 1.000 kr. Framlegg: Uendra. Samrøystes vedteke.

d. Prisar ved slipping

Noverande prisar: Sjå heimesida under [Slippen](#). Framlegg: Uendra. Samrøystes vedteke.

e. Straumavgift

Noverande pris: 700 kr. Framlegg: Uendra. Samrøystes vedteke.

f. Prisar for leige av klubbhuset

Noverande prisar bestemt i styremøte 5/2018, 31. mai 2018:

2. Generelle utleigepriiser for klubbhuset

VEDTAK:	For ikkje-medlem	For medlem av Hamnelaget (privat)
Pris per time	200 kr	100 kr
Pris per døgn	700 kr	350 kr
Pris for helg (fre-søn)	1600 kr	800 kr

Framlegg frå styret til årsmøtet:

	For ikkje-medlem	For medlem av laget(privat)
Per time	200 kr	100 kr
Per døgn	700 kr	350 kr
Per helg(fre – søn)	1600 kr	800 kr

Samrøystes vedteke.

6. Budsjett for 2019

Budsjett for 2019 ble framlagt. Det vart kommentert at budsjettet ikkje såg ut til å vere eit bindande budsjett, ut frå samanlikning av budsjett og rekneskapstal frå tidlegare år. Leiaren kunne bekrefte at budsjettet ikkje er bindande for styret innanfor kvar einskild post.

Budsjettet vart vedteke samrøystes.

7. Saker frå medlemmane

Det var ikkje komne inn saker frå medlemmane innan den vedtektsfesta fristen 15. januar.

Det var likevel i møtet stilt spørsmål ved om reglar for klubbhuset burde få eit eige punkt i vedtektene. Styret vil vurdere saka i året som kjem og eventuelt komme med framlegg om vedtektsendring til neste årsmøte.

8. Saker frå styret

Framlegg frå styret til tillegg til vedtektenes paragraf 7, avsnitt 7 «Årsmøtet skal behandle», underavsnitt 3 «Fastsetjing av»:

- Prisar for leige av klubbhuset.

9. Val

Valnemnda føreslår følgjande personar til verv som er på val:

Leiar:	Inge Bakke	1 år
Kasserar:	Ole Bosnes	2 år
Styremedlem:	Dagfinn Grøttå	2 år
	Hamnesjef/Nestleiar: Terje Edvardsen	1 år igjen, ikkje på val
	Styremedlem: Arne Hjertenes	1 år igjen, ikkje på val
Varamedlem:	Bjørn Jensen	1 år
Revisorar:	Erik Midtgaard ny	2 år
	Ove Hoddevik	1 år igjen, ikkje på val
Valnemnd til årsmøtet i 2020:		
	Geir-Ove Liseth	2 år
	Atle Nøstdal	1 år igjen, ikkje på val

Framlegget frå valnemnda vart vedteke med ei endring: Som varamedlem vart Jan Petter Venøy foreslått og vald med 15 stemmer. 6 stemte på forslaget til valnemnda.

Årsmøtet slutt.

Kvelden vart avslutta med sosialt samvære og rydding av lokalet.